

Tysdag 25. oktober: (Med etterhald om endringar)

Kl. 12.00 Oppmøte, innsjekk og lunsj hjå Valldal Fjordhotell , Valldal.

Kl. 13.00 Oppstart møte i Verdsarvrådet.

Velkomst ved Arne Sandnes, ordførar Norddal kommune.

Opning og velkomst ved Hans Erik Ringkjøb, leiar av Verdsarvrådet.

VF 08/16 Innkalling, sakliste og møtereferat.

VF 09/16 Orienteringar og meldingar.

1. **Vestnorsk fjordlandskap sin studietur til Glacier Bay, Alaska** – orientering ved nestleiar Jan Ove Tryggestad.
2. **Third UNESCO World Heritage Marine Managers Conference, Galapagos Islands** – orientering ved sekretariatsleiar.
3. **Nordisk Verdsarvmøte på Island** - orientering ved Arlen Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
4. **Miljødirektoratet orienterer** – ved Gaute Sønstebø, Miljødirektoratet.
5. **Norges Verdensarv sitt politiske råd** – orientering ved leiar Hans Erik Ringkjøb.
6. **Urvalmua i Bleiaområdet** - oppdatering ved Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
7. **Korte orienteringar om status ved :**
 - SNO Aurland ved Kristoffer Ullern Hansen.
 - SNO Geiranger ved Kjell Hansen.
 - Verneområdestyret for Nærøyfjorden.
 - Verneområdestyret for Geirangerfjorden.
 - Fylkesmennene.

Kl. 14.30 Pause og beinstrekk. (20 min.)

VF 10/16 Samarbeidsavtale med Glacier Bay, Alaska.

Dokument som ligg ved saka:

- Utkast til samarbeidsavtale og handlingsplan. (Vert ettersendt)

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har med støtte frå UNESCO-senteret i Paris teke initiativ til å innleie eit framtidig samarbeid med Glacier Bay, Alaska. Ein verdsarvfjord som har mange av dei same utfordringane som Vestnorsk fjordlandskap, særleg i høve til forvaltninga av cruiseaktivitetene.

Ein liten delegasjon frå Glacier Bay vitja Geirangerfjorden og Nærøyfjorden i august 2015. Det vart samstundes gjennomført eit felles møte med Verdsarvrådet med mål om å etablere eit felles fundament for framtidig samarbeid. Førebels konklusjon frå denne vitjinga/ dette fellesmøtet synte at vi har mykje matnyttig å lære av kvarandre.

Verdsarvrådet drøfta på møte den 1. desember 2015 vidare oppfylging av dette mulige samarbeidet. Det vart semje om å planlegge/ gjennomføre ein studietur med repr. frå Vestnorsk fjordlandskap til Glacier Bay – jfr. sak VF 16/15: «Verdsarvrådet ber verdsarvfjordane søkje om midlar i budsjettet for 2016 til ein felles studietur til Glacier Bay i Alaska. Føremålet med reisa er å lære meir om fjordlandskapet og deira forvaltning av verdsarvfjorden, samt kome eit steg nærare ei formalisering av eit samarbeid mellom dei to marine verdsarvområda. Delegasjonen bør representerere

fleire nivå innan forvaltning, politisk leiing og dersom rom for dette også representasjon frå lokalt næringsliv. Det vil og vere naturleg å invitere med representantar frå statleg forvaltning (ek; Miljødirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, Kystverket og evt. aktuelle departement).»

Aktuell periode for studieturen: Siste halvdel av juni 2016. ”

Studieturen er som kjent gjennomført og vegen vidare vil no i stor grad handle **om** og **korleis** vi fører denne kontakten vidare fram mot eit operativt/ konkret samarbeid som vil gagne begge fjordområda.

Sekretariatet hadde eit arbeidsmøte med Scott Gende og Philip Hooge hjå NPS den 29. september då kor dette vart drøfta nærmere. Gende og Hooge føreslo å ta utgangspunkt i ein avtalemål som US brukar ved liknande høve. Dette vil kunne gje ein smidigare/ lettare prosess fram mot ein endeleg avtale mellom verdsarfjordane. I tillegg til sjølve ”*Twinning*” - avtalen bør det og utarbeidast ein prioritert aktivitetsplan som konkretiserer og synleggjer samarbeidet ytterlegare. Aktivitetsplanen sitt innhald vart drøfta nærmere og vi konkluderte med at vi lyt starte med nokre få men viktige satsingar/ prosjekt.

Kor og kven som evt. skal signere den endeleg avtalen lyt avklarast og drøftast nærmere men det vil vere naturleg at ei slik hending vert tydeleg promotert og markert på ymse vis. Det er likevel ei målsetjing at dette skal skje våren 2017.

Ein 1. generasjons avtale vil gjelde for 5 år med evaluering etter 4 år.

Konklusjon:

- NPS sender over ei skisse til samarbeidsavtale og framlegg til handlingsplan innan 14.oktober.
- Samarbeidsavtalen og handlingsplanen vert lagt fram for Verdsarvrådet til handsaming/ godkjenning.

Framlegg til avtale og handlingsplan ligg ikkje føre ved innkalling men vert ettersendt.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

Saka vert lagt for rådet til drøfting og vidare handsaming utan tilråding frå sekr.

VF 11/16

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap.

Dokument som ligg ved saka:

- Kopi av ordførarbrev 110816
- Svarbrev frå LMD og KLD 160916

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vega vart utarbeidd og vedtekne av høvesvis Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og Vega kommune i juni 2007.

Planen har som kjent eit hovudmål å oppretthalde eit levande og opplevingsrikt kulturlandskap i Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet gjennom ekstra økonomisk støtte til det sjølvgåande og husdyrbaserte landbruket. Eit anna hovudmål er at tiltaksplanen skal styrke den faste busetnaden i verdsarvområdet.

Tiltaksplanen har 4 støtteordningar kor det pr. i dag er etablert økonomi til 2 av dei: arealbidrag og beitebidrag. Til saman kr. 2 225 000,- vert utbetalt til kvart delområde kor LMD/ Landbruksdirektoratet bidreg med kr. 1 225 000,- og KLD/ Miljødirektoratet kr. 1 000 000,-.

Midlane vert vidare utbetalt med grunnlag i skriftelige avtalar mellom brukar/ avtalepart og Fylkesmannen/ Verdsarvrådet. Fylkesmannen i samarbeid med dei

kommunale landbrukskontora har fått oppdraget med å fylgje opp avtalane og avtalepartane.

Verdsarvrådet ved leiar, nestleiar og sekretariat har ved fleire høve fremja og synleggjort for sentrale styresmakter verdien av tiltaksplanen . Samstundes er det peika på at det er naudsynt å styrke økonomien i eksisterande ordningar i tillegg til å etablere ordninga med eit eige investeringsbidrag – jfr. vedlegg.

Ein fellessøknad om ekstra investeringsmidlar er sendt LMD og KLD; kopi av svarbrev frå departementa ligg ved.

Resultat så langt er ein auke på kr. 500 000,- til Vestnorsk fjordlandskap i framlegg til statsbudsjett for 2017. Det er ikkje sett av ekstra midlar til investeringar.

Tiltaksplanen er unik og var i si tid eit resultat av ein sterk og engasjert felles innsats frå både politikarar og administrasjon / fagpersonar. Tida er etter inne for ein tilsvarande innsats for å fylgje opp tiltaksplanen og sikre vidare landbrukdrift i Vestnorsk fjordlandskap.

Leiarane, sekretariatet og repr. for landbrukskontora vil på møte orientere vidare om status og framdrift i saka.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er svært uroleg for utviklinga i verdsarfjordane med omsyn til eksisterande og framtidig landbruksdrift.

Verdsarvrådet vil difor sterkt oppmode Regjeringa om å styrke sjølvgaande landbruksverksemd i og ikring verdsarfjordane gjennom tiltaksplanen for kulturlandskapet ved å:

1. *Auke løyvingane til areal- og beitebidrag samt etablere dette som ei langsiktig ordning.*
2. *Etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag slik at naudsyste og framdriftsretta investeringar i driftsapparatet kan gjennomførast .*

VF 12/16

Tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap og verdsarvområda.

Dokument som ligg ved saka:

- Kopi av høyningsuttale til ny forskrift.

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har i samråd med Klima- og miljødepartementet (KLD) den 10. august 2016 fastsett ny forskrift om tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap.

Verdsarvrådet ved leiar og nestleiar fremja uttale til framlegget ved høyringa - sjå vedlegg.

Forskrifta får direkte konsekvens for oppfylginga av tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområda men då avgrensa til dei midlane som kjem over LMD sitt budsjett. Frå og med 2017 lyt Fylkesmennene rigge eit nytt forvaltningsregime som m.a. inneber ein ekstra søknadsrunde for brukarane – noko Verdsarvrådet i 2007 ville unngå ved å satse på avtalar.

Det er samstundes uklart p.t. kva rolle/ status tiltaksplanen med avtalar vil ha etter at det nye forskrifta og forvaltningsregime er iverksett.

Trude K. Knagenhjelm hjå fylkesmannen si landbruksavd. i Sogn og Fjordane og Magna Bergem hjå fylkesmannen i Møre og Romsdal deltek på møte og vil legge fram ei skisse til forvaltning av verdsarvmidlane.

Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap legg til grunn at Fylkesmennene sine landbruksavdelingar frametter vil forvalte den nye forskrifta på ein ubyråkratisk måte og med utgangspunkt i og vekt på tiltaksplanen sine målsetjingar.

Kl. 16.30 **Møteslutt dag 1**

Kl. 17.00 **Kulturelt programinnslag ved Norddal kommune.**

Kl. 19.00 **Felles middag og drøs,**

Onsdag 26. oktober:

Kl. 08.30 **Oppstart dag 2.**

VF 13/16 **Kartlegging av utslepp og miljøpåverknad i verdsarfjordane.**

Dokument som ligg ved saka:

- *Pressemelding pr. 220716.*

Sjøfartsdirektoratet har fått i oppdrag av Klima- og miljødepartementet å kartlegge utslepp og miljøpåverknaden frå skipstrafikk i fjordane. Kartlegginga omfattar Geiranger-, Nærøy- og Aurlandsfjorden og gjeld både lokal skipstrafikk og cruiseskip – jfr. vedlagt kopi av pressemelding.

Den 18. oktober vart det som eit ledd i dette arbeidet gjennomført eit første arbeidsseminar på Gardermoen kor repr. for forvaltning og rederi/ aktørar var invitert til å delta.

Avdelingsdirektør Bjørn Pedersen hjå Sjøfartsdirektoratet deltek på rådsmøtet og vil føre ein nærmare gjennomgang av status og vegen vidare.

Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:

Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.

VF 14/16 **Strategiplan for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 2014 – 2016.**

Dokument som ligg ved saka:

- *Strategiplan 2014-2016.*

Verdsarvrådet handsama framlegg til 1. generasjon strategiplan på møte den 13. november 2013 og vart etter drøftingar samde om fylgjande i sak VF 16/13:

”Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap godkjenner ”Strategiplan 2014-16” slik den ligg føre i møte den 13. november då. med fylgjande tillegg:

- *Strategien må innehalde eit punkt om å medverke til auka kunnskap om naturen og bruk av området.*
- *Strategien vert frå same tidspunkt lagt til grunn for rådet sitt vidare arbeid.”*

Sekretariatet meiner det er tid for å gjere opp status og evt. vurdere revisjon / oppdatering av gjeldande strategiplan. Nærare gjennomgang og orientering om stoda vert gjennomført i rådsmøtet.

Framlegg til semje/ uttale frå Verdsarvrådet:

Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.

Kl. 10.00 **Kaffipause og beinstrekke (15 min.)**

VF 15/16**Revisjon av felles skiltmal for Vestnorsk fjordlandskap.**

Dokument som ligg ved saka:

Første versjon skiltmal vart produsert vinteren 2007, og heilt sidan denne versjonen har arbeidet vore i kontinuerleg utvikling og endring. Arbeidsgruppa bestemte seg difor i februar 2011 for å starte eit arbeid for å oppdatere skiltmalen for verdsarvområdet med omland. Dette resulterte i skiltmalen som er nytta fram til i dag.

Skiltmalen er utarbeidd som **ein anbefalt** skiltmal for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med omland. Dette betyr at arbeidsgruppa ikkje har noko mynde utover å ta initiativ til at kommunane, saman med verdsarvstiftingane Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark nyttar malen aktivt i sitt arbeid, saman med sine samarbeidspartnarar og frivillige organisasjonar.

Stoda no er slik at endringar i den nasjonale malen for merking av turistar samt innføring og etablering av den nasjonale merkevaren for verneområda og besøkssentra vil kunne få effekt for skiltinga og i verdsarvområda.

Det er difor grunnlag for å igjen å vurdere revisjon av eksisterande skiltmal. Nærare gjennomgang og orientering vert gjennomført i rådsmøtet.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet ber sekretariatet i samarbeid med arbeidsgruppa starte opp og gjennomføre ein revisjon av eksisterande skiltmal.

Framlegg til oppdatert og revidert skiltmalt vert lagt fram for Verdsarvrådet til godkjenning på fyrste møte i 2017.

VF 17/16**Besøksforvaltning og lokal samfunnsutvikling.**

Prosjektleiar vil i møte presentere status og vegen framdrift i det 3-årige FoU-prosjektet.

Framlegg til semje i/ uttale frå Verdsarvrådet:

Saka vert lagt fram til uttale i Verdsarvrådet utan tilråding frå sekr.

VF 16/16**Ymse****Kl. 11.30****Møteslutt, lunsj og heimreise.**